



Sunnfjord kommune

Areal- og byggesak

Asplan Viak As
Postboks 24
1301 SANDVIKA

Vår ref.:
24/5200-17

Dykker ref.:

Saksbehandlar:
Anniken Heggedal

Dato:
04.07.2024

Dispensasjonsvedtak - Detaljregulering Engebøfjellet - gnr. 431/15

Vedtak

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 gjev Sunnfjord kommune dispensasjon frå arealføremålet «trafikkområde i sjø og vassdrag» i Detaljregulering Engebøfjellet og planident 143320070035 til

- etablering av blandekammer og legging av røyrleidningar ut i fjorden.

På gnr. 431/15 og i fjorden som skildra i søknad om dispensasjon av 15.04.2024.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast utanom gyte- og oppvekstperioden til torsken, som er i perioden januar – juli.
2. Det skal nyttast siltgardin og turbiditetsmålar i samband med arbeidet for å hindre spreiling av finpartikulært materiale.
3. Det må vere dialog med Norges sildesalgslag og lokalt fiskarlag for å samkøre sprengingsarbeid med eventuell låssetjingsaktivitet.

Vedtaket er gjort med heimel i Sunnfjord kommune sitt delegasjonsreglement vedteke av kommunestyret den 27.11.2019.

Saksopplysningar

Asplan Viak har på vegne av Engebø Rutile and Garnet AS, utarbeidd søknad om dispensasjon til etablering av blandekammer og legging av røyrleidningar ut i fjorden. Søknaden er datert 15.04.2024, med brev med supplerande informasjon datert 24.05.2024.

Skildre planstatus for området/eigedomen.

Søkte tiltak ligg i område som er regulert til industri/lager på land og trafikkområde i sjø i fjorden.

Skildring av eksisterande tilhøve på området/eigedomen.

Området er under bygging til industriområde med gruvedrift. Det er gitt løyve til deponi i fjorden.

Skildre søker si grunngjeving av søknad/tiltak.

Søknaden vert grunngjeve med at det ikkje er lagt inn føresegner for føremålet trafikkområde sjø og vassdrag, og dermed er det heller ikkje opna for legging av røyrleidningar ut i fjorden. I § 12.3 står det likevel at «Avgangsmassen skal føres gjennom rør...», som må tolkast dit til at planen sin intensjon var å heimle plassering av røyr mellom land og deponi.

Handsaming av søknaden:

Tiltaket vil ikkje vere i samsvar med arealføremålet i reguleringsplan. Søknaden vert handsama etter pbl § 19-1 som dispensasjon frå arealføremål trafikkområde for sjø og vassdrag i Detaljregulering Engebøfjellet. Tiltaket skal vurderast etter plan- og bygningslova § 20-1, og ev.

andre relevante lovverk. Det må ligge føre positive vedtak i høve aktuelle lovverk før byggeløyve kan gis.

Aktuelle offentlege mynde er varsla, og det har kome merknader til søkte tiltak

Merknadar:

Alden Hamneområde; 03.06.2024

Ingen merknad

Kystverket; 13.06.2024

Ingen merknad.

NVE; 24.06.2024

Generell merknad.

Statsforvaltaren i Vestland; 31.05.2024

Ber om å få tilsendt vedtak for klagevurdering.

Vestland Fylkeskommune; 12.06.2024

Ingen merknad.

Fiskeridirektoratet; 10.06.2024

Fiskeridirektoratet ser positivt på at det er planlagd å nytte siltgardin og turbiditetsmålarar i samband med arbeidet ved Engebøen for å hindre spreiling av finpartikulært materiale. Vi meiner i tillegg at ein må nytte skadereduserande tiltak i samband med sprenging. Sprengingsarbeid kan føre til fluktrespons hos fisk på veg til gytefeltet. I tillegg risikerer ein å stresse eller i verste fall sprekke lufttblæra til yngel i område. Fisk i lås i nærleiken kan også verte påverka. Dersom kommunen vel å gje dispensasjon ber vi om at det stillast vilkår om at arbeidet skal utførast utanom gyte- og oppvekstperioden til torsken (januar – juli). I tillegg oppmodar vi til god dialog med Norges sildesalgslag og lokalt fiskarlag for å samkøyre sprengingsarbeid med eventuell løssetjingsaktivitet.

Plan- og bygningslova (pbl) § 19-2:

Dispensasjon er heimla i kapittel 19 i pbl. Føresetnadane for kommunen si vurdering av dispensasjonssøknad, går fram av § 19-2. Regulerings-/arealplan fastset kva areala skal nyttast til, og kva ramme som gjeld for bruken av areala i kommunen. Reguleringsplan skal sikre ein heilskapleg og føreseieleg utbygging i kommunen, og er tufta på ein lang og open prosess.

Det skal ikkje vere kurant å dispensere frå krav fastsett i plan. Kommunen kan likevel gje dispensasjon frå plan dersom dispensasjonen ikkje set hensikta til planen vesentleg til side, og at fordelane er klart større enn ulempene i ei samla vurdering. Aktuelle fordelar må ligge innfor rammene av pbl. slik at det i utgangspunktet er omsyn til areal- og ressursdisponering som kan grunngje ein dispensasjon. Det nemnde er eit juridisk skjønn og ikkje ein del av forvaltningsskjønet til kommunen. Det skal leggast vekt på og kva konsekvensar dispensasjonen får for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge. Det skal leggast vekt på regionale og statlege rammer og mål og kva konsekvensar dispensasjonen får for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen si vurdering

Kommunen kan gje dispensasjon dersom føresetnadane i § 19-2 er oppfylgd.

Vurdering av omsynet til plan ved dispensasjon:

Kommunen er einig i at § 12-3 i reguleringsplan Engebøfjellet viser at intensjonen var å tillate legging av røyrgate mellom land og fjorddeponiet. Kommunen kan ikkje sjå at det er andre føresegner i reguleringsplanen som gjer at omsynet med føremålet vert sett vesentleg til side dersom det vert gitt dispensasjon. Uttalene frå høyringspartane viser ikkje til nokon utfordringar med sjølve røyrgata, berre anleggsperioden.

Med bakgrunn i dette vurderer kommunen at ein ikkje set omsynet med føremålet trafikkområde i sjø og vassdrag vesentleg til side.

Vurdering av fordelar og ulemper ved dispensasjon:

Dersom ein gir dispensasjon vert det mogeleg å følgje opp intensjonen i planen med deponering av avgangsmassar på fjordbotnen. Risikoen for ureining og forstyrring av sediment er vurdert av SWECO til å vere liten, og attverande risiko kan avbøtast med tiltak som siltgardin.

Ulempene ved tiltaket er i hovudsak handsama i gjeldande reguleringsplanar for Engebø, men SWECO sine forslag til avbøtande tiltak kan settast som vilkår for å vidare minimere risikoen ved tiltaket.

Andre relevante tilhøve:

Pbl § 20-1

Tiltaket er søknadspliktig etter pbl § 20-1, og det må ligge føre positivt byggeløyve før gjennomføring av tiltaket kan skje.

Naturmangfald: Tiltaket ligg i eit etablert bygeområde, og vil ikkje verke inn på naturmangfald i området. Vurderingar etter prinsippa i §§ 8-12 i Naturmangfaldlova er derfor ikkje aktuelle.

Kulturminne: Det er ingen kjente kulturminne i området.

Vassdrag: Det er regulert deponiområde på fjordbotnen. Tiltaket er ein del av dette, og vil difor ikkje ha nokon ny vesentleg påverknad på fjorden.

Miljø: SWECO har utarbeidd ein rapport som viser at det ikkje er risiko for spreiing av partikkelbunden ureining, og at risikoen for oppvirvling og spreiing av finkorna sediment er liten.

Tryggleik: Tiltaket skal merkast som lova krev, og ingen av instansane har kome merknadar som tilseier at tiltaket vil vere til problem for deira ansvarsområde.

Konklusjon:

Føresegnerne viser at intensjonen med planen var at ein skulle kunne deponere avgangsmassar i fjorden via rør. Å gi dispensasjon vil då ikkje vere å sette omsynet med planen til side."

Ulempene ved tiltaket er i stor grad handsama i reguleringsplanane for Engebø, men SWECO har kome med forslag om avbøtande tiltak som kommunen vil stille som vilkår.

Bortfall av løyve

Etter plan- og bygningslova (pbl) § 21-9 gjeld dispensasjoner i tre år frå vedtaksdato. Dersom tiltaket som er gjeve dispensasjon til ikkje vert påbyrja innan 3 år etter at dispensasjonen er gjeve, fell dispensasjonen vekk. Det same gjeld dersom tiltaket stansar i meir enn 2 år.

Løyvet gjeld ikkje andre særlover eller byggesøknad der det må fattast eigne vedtak.

Klage- og innsynsrett

Dette brevet er eit enkeltvedtak som du kan klage på i samsvar med forvaltningslova sine reglar. Fristen for å klage er 3 veker frå du fekk brevet. Du skriv klaga som eit eige brev og sender det til kommunen. Kommunen handsamar klaga. Om klagen ikkje vert tatt til følgje sender vi den til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd. [For meir informasjon om din klagerett sjå heimesida vår.](#)

Du har rett til innsyn og gjere deg kjend med saka sine dokument etter forvaltningslova. [For meir informasjon om din innsynsrett sjå heimesida vår.](#)

Med helsing

Odd Harry Strømsli
einingsleiar

Anniken Heggedal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Florø Hamn Kinn	Postboks 17	6901	FLORØ
Kommune Kf			
GIS Sunnfjord			
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NORGES VASSDRAGS- OG	Postboks 5091	0301	OSLO
ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Majorstua		
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen

Mottakarar: